

SPRÅK

La språk spele ei rolle!

www.fremmedspraksenteret.no/sprakvalg

Utdanningsprogram
for studiespesialisering¹

VIDAREGÅANDE SKULE
RÅDGIVAR

NYNORSK

¹Eigne reglar for studiespesialisering med formgivingsfag på Vg1 (jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 20 og 21)

FRAMANDSPRÅK SOM FELLESFAG

I tillegg til engelsk skal ein i den vidaregåande opplæringa ha eit framandspråk (jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 3) som fellesfag. Eleven må velje eitt av språka som skulen tilbyr. Nedanfor finn du ei oversikt over alternativa som finst.

Elevar som fullfører 10. årstrinn MED framandspråk, kan

anten

- halde fram med det framandspråket dei hadde på ungdomstrinnet – då tek dei faget på *nivå II* over to år,

eller

- ta eit nytt framandspråk som dei ikkje har hatt opplæring i – då tek dei faget på *nivå I* over to år.

Elevar som fullfører 10. årstrinn UTAN framandspråk, må

- ta eit framandspråk på *nivå I* og *nivå II* over tre år.
OBS! Dette alternativet gir avgrensa høve for elevane til å velje programfag på Vg3 (jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 4 og 20).

Privatistordning

I vidaregåande opplæring er det etablert ei privatistordning i ei lang rekkje språk som det ikkje blir gitt opplæring i. I staden for å delta i opplæringa i framandspråk er det mogleg å oppfylle kravet om framandspråk ved å ta eksamen som privatist i eitt av desse språka (jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 17).

Fritak

Sjå vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 16 for reglar ved fritak frå kravet om framandspråk.



SPRÅKFAG SOM PROGRAMFAG

I løpet av Vg1 skal ein velje for dei neste to åra. Dei fleste programfaga har ei ramme på 140 timar, og på Vg2 og Vg3 utgjer fellesfaga (obligatoriske fag) og programfaga (som eleven sjølv har valt) om lag halvparten kvar av skulekvardagen til eleven. Men det blir stilt ein del krav til korleis elevane vel programfag, og ein må sjå Vg2 og Vg3 i samanheng:

Steg ein:

Eleven vel eit programområde til fordjuping:

- programområde for språk, samfunnsfag og økonomi
- programområde for realfag
- programområde for formgivingsfag

(Dette er **programområdet** til eleven)

Steg to:

Eleven vel to fag innanfor det valde programområdet

(Dette er **programfaga** til eleven)

Steg tre:

Eleven vel i tillegg nok eit programfag, dette kan han eller ho velje fritt frå kva som helst programområde innanfor dei studieførebuande utdanningsprogramma (studiespesialisering, idrettsfag eller musikk, dans og drama)

Dette valet fell bort på Vg3 dersom eleven ikkje hadde framandspråk på ungdomstrinnet! (Jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 4 og 20)

(Dette er det valfrie **programfaget** til eleven)

Her gjeld følgjande:

- Eleven kan velje eit tredje fag frå programområdet sitt
- Eleven kan velje frå eit anna programområde
- Eleven kan følgje dette faget i to år, eller velje eit nytt programfag på Vg3

Timeplanen kan sjå slik ut:

Vg1	Fellesfag 842 t.		
Vg2	Fellesfag 420 t.	To programfag frå eige programområde 140 t. + 140 t.	Valfritt programfag 140 t.
Vg3	Fellesfag 421 t.	To programfag frå eige programområde 140 t. + 140 t. (vidareføring ²)	Valfritt programfag 140 t. Berre dersom eleven hadde framandspråk på ungdomsskulen! (Jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 4 og 20)

² Denne vidareføringa kan brytast om ein vel framandspråk nivå III som påbygging til nivå II i fellesfaget. Samla timetal innanfor eige programområde må likevel vere 560 (jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 25).

Frå og med opptak til høgare utdanning til studieåret 2011-2012 gir alle programfaga innanfor "Framandspråk" med eit omfang på 140 timar 0,5 tilleggspoeng, bortsett frå "Framandspråk" III, som gir 1,0 tilleggspoeng. Det blir òg gitt tilleggspoeng for realfag. For "Framandspråk" og realfag blir det gitt maksimalt 4 poeng (jf. rundskriv F-15-08: Endringer i forskrift 31. januar 2007 om opptak til høgere utdanning og kommentarer til forskriften).

Rundskrivet som vi her viser til og andre viktige dokument finn du på heimesida til Framandspråksenteret:
<http://www.fremmedspraksenteret.no/dokumenter>

